


Tertialrapport 1 - 2018



Tertialrapporten gir eit
oversyn over rekneskapan
for Radøy kommune
pr 30. april 2018



Rapporten for første tertial 2018 er eit kortfatta oversyn over drifta i Radøy kommune i perioden januar - april 2018.

Rapporten syner dei sentrale rekneskapsrapportane, hovudoversikt drift, skjema 1A og 1B. I tillegg er det teke inn eit oversyn over investeringskostnadene som er påkomne så langt i året - i skjema 1B og 2B. Det vert også lagt fram balanse pr 30.04.2018

Det er også viktig å merka seg at rekneskapen ikkje er fullstendig avslutta og avstemt pr 30.04.2018, og at fullstendig periodisering ikkje er gjennomført.

Budsjettala er periodiserte så langt det er råd, og er basert på vedteke budsjett pr 30.04.2018.

Periodiseringa vert vurdert fortløpande, og det vert gjort justeringar for å få best mogeleg samsvar mellom tidspunktet for inntekt/kostnadsføring og budsjett.

Driftsrekneskapen

Ordinært rammetilskot er ut til å bli noko høgare enn føresett i budsjettet. Dette har samanheng med endringar gjort i Stortinget sitt endelege budsjettvedtak, som gir ca 1,1 mill i auka ramme for 2018. Det vert lagt fram eiga sak om budsjettregulering knytt til dette.

Skatteinngangen ligg førebels litt over budsjett, men dette skuldast gode tal i januar. For dei påfølgjande månadene

har det vore litt svikt. Inntektsutjamninga vil vonleg dekkja det meste av mogeleg svikt.

Eigedomsskatten er i rimeleg samsvar med budsjett.

Finansinntektene ligg om lag på budsjett. Finansutgiftene er også rimeleg i samsvar med budsjettet, men auke rente frå april, gjer at budsjettet må regulerast. Det er ikkje usannsynleg at det kjem ytterlegare renteauke, men dette er såpass uvisst at rådmannen ikkje vil ta omsyn til dette i første omgang.

Drift

Stab og politisk

For stab og politisk ser det førebels ikkje ut til å bli vesentleg avvik i høve til budsjettføresetnadene.

Oppvekst

For oppvekst er det førebels grunn til å tru at løyvde rammer er tilstrekkelege, men det er noko uvisse knytt til verknadene av lærarnormen frå hausten.

Helse og omsorg


For helse og omsorg ser driftsrammene førebels ut til å halda.

Drift og forvaltning

syner førebels noko meirforbruk, men dette vil justera seg som følgje av budsjettregulering. Det er noko uvisse knytt til felles løn- og rekne-

skapskontor, som vert etablert som interkommunalt tiltak med Lindås som vertskommune frå 1.8.2018. Det ligg førebels ikkje føre noko budsjett for drifta, men rådmannen tek som utgangspunkt at felles kontor ikkje skal gje nemnande auka kostnader.

Diagrammet til høgre syner katteinngangen for dei første fire månadene i 2018, samanlikna med fjoråret. Januar-tala er innbetalingar frå 2017, og tendensen for 2018 er svak utvikling. Skatteinngangen på landsplan er forventa å verta litt svakare enn tidlegare føresett. Radøy har no den lågaste skatteinngangen i Hordaland.



Hovudoversyn drift	RT1 2018	BT1 2018	Regulert B 2018	RT1 2017
Driftsinntekter				
Brukarbetalingar	6 378 337	8 035 072	23 849 216	5 623 233
Andre sals- og leigeinntekter	9 787 103	7 553 574	22 661 556	9 615 743
Overføringar med krav til motyting	13 786 137	8 207 057	39 308 676	19 644 450
Rammetilskot	61 522 692	60 688 000	168 988 000	58 266 140
Andre statlege overføringar	4 034 900	3 472 125	15 104 500	5 614 412
Andre overføringar	5 000	-	-	36 850
Skatt på inntekt og formue	36 693 080	36 226 000	121 100 000	36 103 777
Eigedomsskatt	5 124 830	5 065 160	15 197 000	5 061 845
Sum driftsinntekter	137 332 079	129 246 988	406 208 948	
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	86 735 911	85 092 407	236 663 937	83 694 972
Sosiale utgifter	23 933 356	21 880 699	65 377 883	22 752 309
Kjøp varer/ten. som inngår i teneste- prod.	19 594 491	16 472 368	45 882 617	17 630 254
Kjøp av tenester som erst. tenesteprod.	7 983 761	7 237 000	32 484 000	7 129 450
Overføringar med krav til motyting	8 574 829	6 331 933	20 082 800	7 909 465
Avskrivningar	-	-	15 600 000	-
Fordelte utgifter	-	-236 667	-710 000	-469 030
Sum driftsutgifter	146 822 348	136 777 741	415 381 237	138 647 420
Brutto driftsresultat	-9 490 269	-7 530 753	-9 172 289	1 319 031
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbyte	336 316	342 333	3 987 000	189 171
Mottekne avdrag på utlån	31 003	20 000	60 000	45 005
Sum eksterne finansinntekter	367 319	362 333	4 047 000	234 176
Finansutgifter				
Renteutgifter og lånekostnader	2 386 312	2 209 000	5 609 000	2 312 378
Avdrag på lån	5 449 860	4 988 000	8 994 000	3 922 950
Utlån	-	20 000	60 000	29 587
Sum eksterne finansutgifter	7 836 172	7 217 000	14 663 000	6 264 915
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-7 468 853	-6 854 667	-10 616 000	-6 030 740
Motpost avskrivningar	-	-	15 600 000	-
Netto driftsresultat	-16 959 122	-14 385 420	-4 188 289	-4 711 709
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av mindreforbruk frå tidl. år				-
Bruk av disposisjonsfond	296 000	667 000	2 243 000	-
Bruk av bundne fond	929 956	205 000	3 908 000	47 595
Sum bruk av avsette midlar	1 225 956	872 000	6 151 000	47 595
Overført til investeringsregnskapen				-
Dekking av meirforbruk frå tidl. år				-
Avsett til disposisjonsfond				-
Avsett til bundne fond				-
Sum avsetjingar				-
Meir (-) /mindre (+) forbruk	-15 733 166	-13 513 420	1 962 711	-4 664 114

Kollonne RT1 2018 syner rekneskapstal pr 30.4.2018

Kollonne BT1 2018 syner periodisert budsjett pr 30.04.2018

Regulert B 2018 syner budsjett 2018

Kollonne RT1 2017 syner rekneskapstal å same tidspunkt i fjor.

Grunna systemskifte frå 1.1.2018 er tala henta frå tilsvarande rapporteringstidspunkt i 2017.


I denne tabellen er negative tal å forstå som meirorbruk eller

«underskot»

Rekneskapskjema 1A	2018	Budsjett periode	Budsjett totalt	2017
Skatt på inntekt og formue	(36 693 080)	(36 226 000)	(121 100 000)	
Ordinært rammetilskudd	(61 522 692)	(60 688 000)	(168 988 000)	
Skatt på eiendom	(5 124 830)	(5 065 160)	(15 197 000)	
Andre generelle statstilskot	(4 034 900)	(3 472 125)	(15 104 500)	
Sum frie disponible inntekter	(107 375 502)	(105 451 285)	(320 389 500)	
Renteinntekter og utbytte	(336 345)	(342 333)	(3 987 000)	
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	2 385 562	2 209 000	5 609 000	
Avdrag på lån	5 449 860	4 988 000	8 994 000	
Netto finansinntekter/finansutgifter	7 499 077	6 854 667	10 616 000	
Til dekking av tidlegare meirforbruk				
Til ubundne avsetningar				
Til bundne avsetningar				
Bruk av tidlegare mindreforbruk				
Bruk av ubundne avsetningar				
Bruk av bundne avsetningar				
Netto avsetningar				
Til fordeling drift	(99 876 425)	(98 596 618)	(309 773 500)	
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	115 368 794	111 834 882	307 810 789	
Meir (-) /mindre (+) forbruk	15 492 369	13 238 264	(1 962 711)	

Rekneskapskjema 1B	2018	%	Budsjett periode	Budsjett totalt	2017
Stab og politisk	7 883 271	96,9 %	8 134 060	20 137 793	
Oppvekst	43 000 114	101,8 %	42 224 549	121 376 275	
Helse og omsorg	48 759 992	101,5 %	48 043 213	131 304 599	
Drift og forvaltning	15 970 852	116,5 %	13 708 216	34 992 122	
SUM	115 614 229	103,1 %	112 110 038	307 810 789	

Sjukefråvære



Diagrammet til venstre syner kvartalsvis utvikling av sjukefråværet blant kommunalt tilsette i Radøy kommune frå 2013 til første kvartal 2018.

Balanse	2018	2017
Eigendelar		
Anleggsmidlar	962 092 521	922 195 668
Fordelt slik:		
Faste eigedomar og anlegg	370 613 506	365 627 875
Utstyr, maskiner og transportmidlar	15 557 979	16 787 435
Utlån	19 955 155	23 551 211
Aksjar og andelar	101 132 225	99 886 522
Pensjonsmidlar	454 833 656	416 342 625
Omløpsmidlar	147 985 969	124 383 968
Fordelt slik:		
Kortsiktige fordringar	25 104 540	22 380 579
Premieavvik	23 308 941	23 679 505
Kasse og bank	99 572 488	78 323 885
Sum eigendelar	1 110 078 490	1 046 579 636
Eigenkapital og gjeld		
Eigenkapital	190 335 391	190 937 405
Fordelt slik:		
Disposisjonsfond	16 011 663	4 304 205
Bundne driftsfond	14 179 719	20 392 841
Ubundne investeringsfond	5 095 269	5 095 269
Bundne investeringsfond	4 070 678	4 286 403
Rekneskapsmessig mindreforbruk	7 695 207	13 173 445
Kapitalkonto	143 809 936	141 393 412
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK (drift)	-527 080	-527 080
Langsiktig gjeld	879 223 860	797 377 830
Fordelt slik:		
Pensjonsforplikting	554 465 237	524 199 842
Andre lån	324 758 623	273 177 988
Kortsiktig gjeld	73 155 086	71 114 994
Fordelt slik:		
Anna kortsiktig gjeld	72 744 690	70 656 337
Premieavvik	410 396	458 657
Sum eigenkapital og gjeld	1 142 714 338	1 056 611 317
Memoriakonto	60 938 339	16 572 638
Fordelt slik:		
Ubrukte lånemidlar	60 938 339	16 572 638
Motkonto for memoriakonti	-60 938 339	-16 572 638

Sum eigendelar og sum eigenkapital og gjeld samsvarar ikkje i balanseoppstillinga ovanfor for 2018. Differansen er lik meirforbruk i drift og investering, slik at det samla biletet av drift, investering og balanse blir null.

Rekneskapskjema 2B		2018	Budsjett vedteke
K10011	Digitalisering byggesaksarkiv	0	1 100 000
K12801	Utskifting av bilar	1 343 021	500 000
K15301	Radøyhallen oppgradering	817 224	1 200 000
K15831	Investering kyrkjer	0	5 000 000
K19081	IKT invesering IKT Nh	0	300 000
K19201	Mindre investeringar	706 125	1 500 000
K21201	Hordabø skule uteområde	294 563	300 000
K21301	Manger skule utbygging	0	2 000 000
K21302	Manger skule utstyr gymsal	0	300 000
K21303	Manger skule oppgrad garderoabar	9 441	0
K21401	Sæbø skule uteområde	34 688	1 000 000
K21901	Radøy ungdomsskule oppgradering	0	800 000
K27111	Austebygd barnehage småbarnsavdeling	49 625	3 000 000
K27121	Bø barnehage nybygg	161 068	21 000 000
K27131	Sæbø barnehage vognskur	138 000	230 000
K32001	Oppfølging bustadsosial handlingsplan	0	2 300 000
K32101	Velferdssenteret oppgradering	0	1 000 000
K32251	Oppgradering omsorgsbustader	0	4 000 000
K48001	Turveg/lysløype Manger	220 750	2 600 000
K61021	Prestegarden/hagen/tingstova	61 313	2 000 000
K61031	Helsehuset ombygging	48 632	0
K61091	Solhall, kjøp og oppgradering	13 489 285	15 000 000
K62000	Vassprosjekt iht plan	864 078	7 500 000
K63000	Avløpsprosjekt iht plan	14 600	18 000 000
K65001	Brannstasjon	49 500	200 000
K65002	Brannvernutstyr	0	100 000
K67601	Trafikksikring	84 550	2 000 000
SUM		18 389 726	92 930 000

Investering

Grunna systemskifte, og endring av struktur på investeringar, er det i denne rapporten ikkje tal for 2017.

Det vert elses vist til eige dokument for nærare kommentarar til investeringsrekneskapan pr 30.4.2018

For investeringsrekneskapan vert det ikkje lagt fram hovudoversikt investering eller skjema 2A. Investeringane vert først finansierte når all tilgang av anleggsmidlar i 2018 er bokført, i samband med årsavslutninga. Hovudoversyn investering og skjema 2A gir såleis lite meining pr 30.04.2018. I skjema 2B er berre teke med prosjekt med rekneskapstal eller budsjett i 2018. Sum for 2017 er totalen for same periode i 2017, men det inngår fleire prosjekt i dette talet enn det som kjem fram av skjemaet, sjå evt rekneskapsdokument for 2017 for nøyaktig spesifikasjon.

Iflg finansreglementet skal det rapportert på kommunen sine finansplasseiringer.

Radøy kommune har no berre plasseringar i bank. Det er inngått ny hovudbankavtale med Sparebanken Vest, som gjeld ut 2019. Kommunen har for tida ikkje plasseringar i andre bankar.

Diagrammet til høgre syner renteutviklinga frå januar 2015 til april 2018. Internrenta mellom bankane (NIBOR) har gått noko opp i det siste, og var i april 1,14%.


Renteutviklinga framover er usikker, men signala frå Noregs bank er klare på at det kjem renteauke, truleg i september. Nye, låge inflasjonstal gjer likevel utviklinga usikker.

Radøy kommune si samla lånegjeld er pr 30.04.2018 m lag 318 mill, medrekna startlån til vidare utlån. Av bokføringstekniske årsaker vert avdrag som regel bokført mot balansen i samband med årsoppgjeret, men vert løpande ført mot drift.

Lån i Kommunalbanken til vanlege investeringar utgjer 263 mill, og lån i KLP Kommunekreditt utgjer 32,6 mill. Av låna i Kommunalbanken har omlag 80,5 mill fastrente 2,49% fram til august 2019. Sist opptekne lån i Kommunalbanken og låna i KLP kommunekreditt har renterekning etter NIBOR + påslag 0,6/0,7%. Resten av låna i Kommunalbanken har såkalla PT-rente, som pr i dag er 1,71%, i praksis svært nær låna med NIBOR-kilknyting.

Startlån tekne opp i Husbanken utgjer 21,9 mill., alt med flytande rente. Utlånte startlånsmidlar utgjer kr 20,2 mill. Det er ikkje bokført tap på startlån så langt i 2018. Husbanken si ordning med tapsdeling, gjer at moglege tap som regel er avgrensa.

Renteutvikling 2015 - 2018



Fordeling fast og flytande rente

